

Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon

ADHD-foreningen • Afasiforbundet i Norge • Autismeforeningen i Norge • Cerebral Parese-foreningen • Forbundet Tenner og Helse • Foreningen for Blødere i Norge • Foreningen for Fragilitx-Syndrom • Foreningen for Hjerteskye barn • Foreningen for Kroniske Smertepasienter • Marfanforeningen • Foreningen for Muskelsyke • Hørselshemmedes Landsforbund • Interesseforeningen for LMBS syndrom • Landsforbundet for utviklingshemmede og pårørende • Landsforeningen Alopecia Areata • Landsforeningen for Hjerte- og Lungesyke • Landsforeningen for Huntingtons Sykdom • Landsforeningen for Nyrepasienter og Transplanterte • Landsforeningen for Pårørende innen Psykiatri • Landsforeningen for trafikkskadde i Norge • Landsforeningen mot Fordøyelsesykdommer • Leverforeningen • Mental Helse Norge • Momentum • Morbus Addisons Forening • Multipel Sklerose Forbundet i Norge • Norges Astma- og Allergiforbund • Norges Diabetesforbund • Norges Døveforbund • Norges Fibromyalgi Forbund • Norges Migreneforbund • Norges Parkinsonforbund • Norilco • Norsk cøliakforening • Dysleksiforbundet i Norge • Norsk Dismellforening • Norsk Epilepsiforbund • Norsk Hemokromatoseforbund • Norsk Forbund for Voldsofre • Norsk Foreldrelag for Funksjonshemma • Norsk Forening for Analatresi • Norsk Forening for Cystisk Fibrose • Norsk Forening for Ehlers Danlos Syndrom • Norsk Keratoseforening • Norsk Forening for Nevrofibromatose • Norsk Forening for Osteogenesis Imperfecta • Norsk Forening for Tuberos Sklerose • Norsk Immunsviktforening • Norsk Interesseforening for Kortvokste • Norsk Interesseforening for Stamme • Norsk Landsforening for Laryngectomerte • Norsk Thyreoideaforbund • Foreningen for søvnsykdommer • Norsk Lymfødemedforening • Norsk Porfyriforening • Norsk Psoriasisforbund • Norsk Revmatikerforbund • Norsk Tourette Forening • Ryggforeningen i Norge • Ryggmargsbrokk- og Hydrocephalusforeningen • Rådgivning om Spiseforstyrrelser • Støtteforeningen for Kreftsyke Barn • Turner Syndrom Foreningen i Norge • Vestlandske Blindeforbund



Arbeids- og sosialdepartementet
Postboks 8019 Dep,
0030 Oslo

Arbeids- og sosialdepartementet	
Saksnr.: 2005/00578	Dok.nr.: 976
Arkivkode: 314	Dato: 16.03.05
Avd.: SFF	Saksbeh.: CBK
U.off.:	

Deres ref:
Vår fil: B05-01-ÅTS
Vårt arkiv: 400
Saksbehandler: Asta Tale Strand

Oslo, 14.03.2005

Høring om kommunale råd for funksjonshemma

Vi viser til brev og høringsnotat datert 27.01.05 om "Lov om råd eller annen representasjonsordning i kommuner og fylkeskommuner for mennesker med funksjonsnedsettelse, m.v."

FFO oppfatar at Stortinget gjennom behandlinga av Stortingsmelding nr 40 (2002-2003), *Nedbygging av funksjonshemmedes barrierer*, ba om å få tilbake eit forslag om lovfesting av kommunale råd. FFO opplever at det no har kome med eit utkast til lovforslag som i for liten grad forpliktar kommunane til å opprette eige kommunalt råd for funksjonshemma. I forslaget vel departementet å kalle det "Lov om råd eller annen representasjonsordning i kommuner og fylkeskommuner for mennesker med funksjonsnedsettelse, m.v." Det er i forslaget lagt opp til ei stor valfriheit for den enkelte kommune og fylkeskommune, noko FFO oppfatar til å vere i strid med Stortinget sine intensjonar med ei lovfesting.

I forslaget er det ei rekkje forhold FFO vil kommentere, og dei spørsmåla departementet spesielt har bedt om tilbakemelding på, inngår i desse.

Felles råd med eldre

Lovforslaget tar til orde for stor lokal friheit i val av representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne. Det som spesielt er nemnt som aktuelle organiseringsformer er felles råd for funksjonshemma og eldre samt interkommunale råd.

FFO meiner ein lovtekst skal slå fast at det i regelen skal vere eigne kommunale råd for funksjonshemma, og at evt. andre representasjonsordningar blir sett på som unntak frå denne regelen og kan vurderast i visse samanhengar.



FFO har sendt denne høringa ut til både fylkes- og kommunelag, og fått relativt mange tilbakemeldingar. Den tydelegaste tilbakemeldinga er knytt til ei ordning med felles råd for funksjonshemma og eldre. Det lokale FFO-samarbeidet opplever ikkje dette som ein farbar veg å gå. Sjølv om funksjonshemma og eldre kan ha ein del felles saker, er utgangspunktet nokså forskjellig. Sjølv om Råd for funksjonshemma skal forholde seg til brukarar i alle fasar av livet, er det langt frå alltid dei same interessene funksjonshemma og eldre har. Å ivareta unge funksjonshemma sine interesser i forhold til barnehage og skole kan ofte stå imotsats til ønskjer i eldrepolitikken. Likøeins kan unge funksjonshemma sine krav til pleie- og omsorgstenesta vere heilt ulik eldre borgarar sine behov.

I ein rapport frå 1991 "Å ivareta underrepresenterte hensyn. Eldreråd og råd for funksjonshemmede i kommuner og fylker", blir følgjande sagt: *"Eldrerådene og rådene for funksjonshemmede i kommunene synes å være noe ulike i sin innretning: Eldrerådene hadde i år 2000 hovedfokus på helse-, pleie- og omsorgstilbud og rettet sin virksomhet mot de politiske organene. Rådene for funksjonshemmede hadde hovedfokus på fysisk tilgjengelighet, og de rettet sin virksomhet mot den kommunale administrasjon og forvaltning."* Sjølv om kommunale råd for funksjonshemma sitt verkefelt bør bli breiare enn å omhandle tilgjengelegheitsspørsmål, synleggjer denne rapporten kor forskjellig ståstad desse gruppene har.

Interkommunale løysingar

Departementet opnar opp for å tenke interkommunale løysingar. Sjølv om ein så langt ikkje har erfaringar her, veit vi at det i FFO-samanhengar stadig oftare kjem fram ønske om å etablere kommune-FFO over kommunegrensene. FFO ser at det for mindre kommunar kan vere aktuelt å gjere unntak frå regelen vedkommande kommunale råd, og at interkommunale råd kunne vere eit slikt alternativ. I høringsnotatet er det ikkje gjort nærare greie for korleis eit slikt organ over kommunegrensar skal kunne fungere, og det vil her vere behov for å trekke opp ein del liner for korleis dette skal kunne fungere.

Forankring, oppnemning og samansetjing

Det er foreslått at leiar og nestleiar i det kommunale rådet skal oppnemnast av kommunestyret og at funksjonshemma sine organisasjonar i kommunen har forslagsrett til representantar for menneske med funksjonsnedsettingar. Dette er i tråd med FFO sine ønskjer. Det er viktig at rådet blir oppfatta som ein reiskap for kommunen, og politkarrepresentantar sin posisjon i rådet vil kunne styrke rådet sin legitimitet. I høringsnotatet står det at *"departementet anser det som mest naturlig at rådets sekretariat blir knyttet til rådmannskontoret"*, men i lovteksten er formuleringa mykje vagare. Her skal *"kommunen sørge for at de administrative funksjoner for rådene blir ivarettatt"*. I retningslinene står det at *"rådet bør administrativt knytast til sentraladministrasjonen i kommunen"*. FFO meiner forankring til rådmannskontoret må komme fram i lovteksten. I retningslinene blir det sagt at rådet bør settast saman av tre grupper; politikarar, administrasjon og organisasjonar. FFO meiner dette er så pass viktig at det bør takast inn i lovteksten.



Det er viktig at brukarrepresentantar representerer ei breidde av funksjonshemma, og at det er organisasjonane i kommunen som blir invitert til å kome med forslag til representantar.

I retningslinene er samansetjinga enno meir konkretisert. Desse retningslinene, som det ikkje er foreslått endringar i, kan ikkje seiast å vere i tråd med intensjonen om breidde og mangfald i brukarrepresentasjonen. Retningslinene refererer til 5 hovudgrupper av funksjonshemma som i liten grad reflekterer organisasjonsmangfaldet, men som har vore tradisjonell tenking.

FFO sine 66 medlemsorganisasjonar har i overkant av 270.000 medlemmer til saman. Ut frå den foreslåtte inndelinga vil i underkant av 50.000 medlemmer kome innanfor dei 4 førstnemnte hovudgruppene. Dei resterande 220.000 er i hovudsak menneske med kroniske sjukdommar som kjem inn under hovudgruppe 5. Mange vil også oppleve at dei høyrer inn under fleire grupper. Dei organisasjonane som ikkje er fanga opp gjennom denne inndelinga er dei minste organisasjonane med medlemmer med samansette og sjeldne funksjonshemmingar. FFO er einig med departementet når de i brev, av 3.3.2005 vedkommande opnemning av styret for Nasjonalt Dokumentasjonssenter, understreker at den *"gamle inndelingen i fem hovudgrupper på flere måter er uhensiktsmessig"*. Vi ber derfor om at departementet også i forhold til kommunale råd, går bort frå inndeling i hovudgrupper og foreslår nødvendige endringar i retningslinene slik ar dei samsvarar med lovteksten.

Om lovteksten

Med bakgrunn i dei kommentarane vi her har kome med, meiner FFO at det er behov for vesentlege endringar i den foreslåtte lovteksten. FFO meiner at § 5, som opnar for felles råd for eldre og funksjonshemma, må gå ut. Lovteksten må vere tydlegare på at eige kommunale råd for funksjonshemma er regelen, men at det kan opnast for interkommunale råd eller andre representasjonsordningar i mindre kommunar. Dette må også innbere at retningslinene for fylkeskommunale- og kommunale råd må endrast tilsvarende.

Beste helsing

FUNKSJONSHEMMEDES FELLESORGANISASJON

Arnt Holte/s
leiar


Liv Arum
generalsekretær